


# Vedlegg D - Skildring av leveransen – Skjøtsel av kulturlandskap i Utladalen landskapsvernområde

## Innhald

Om området .....	1
Om oppgåvene .....	3
Om kartet i naturbase.....	4
Vetti.....	4
Avdalen .....	9
Skori .....	15
Hjelledalen .....	16
Vormeli .....	17
Vedlegg .....	19

## Om området

Området oppdraget gjeld for ligg i Årdal kommune, nærare bestemt innanfor Utladalen landskapsvernområde. Fleire av lokalitetane der arbeidet skal utførast ligg utan vegtilkomst med opptil omlag 1-2 timars gange for tilkomst. I dialog med forvaltinga kan det opnast for motorisert transport av utstyr på Vettisvegen.



Kartutsnitt over Utladalen frå Hjellev - Vormeli, med Skori, Avdalen Vetti, Vormeli og Hjelledalen, Årdal kommune.

# Om oppgåvene

Arbeide skal utførast i perioden frå mai – september 2026. Under lokalitetsskildringane står nærare spesifisering av tidspunkt for gjennomføring av oppgåvene. Lokalitetane i låglandet skal prioriterast fyrst.

Arbeidet består av skjøtsel som slått, rydding og styrt beite.

Oppdraget er basert på råda som er gitt i Skjøtselsplan for Utladalen landskapsvernområde (Tanaquil Enzensberger 2013) og erfaringar frå mange års skjøtselsarbeid i området, samt utkast til revisjon av skjøtselsplanen (Tanaquil Enzensberger 2022- ikkje publ.) Desse råda saman med det som står nedanfor om slått, rydding og styrt beite, er rettleiande for arbeidet på alle områda, og skal følgjast så langt som råd.

## **Slått:**

Når ein skal vidareføra slåttene i dag er det viktig å halda seg til det som var det tradisjonelle slåttetidspunktet. Einskilde år kan det vere aktuelt å leggje slåttene noko seinare for å sikre at plantane set mogne frø. Graset bør få liggje til tork eit par dagar. Høyet skal rakast saman og fjernast. Dersom høyet ikkje skal nyttast som før, må det leggjast slik at det ikkje medfører tilsig av næring inn i enga og slik at det ikkje verkar skjemmande i landskapet. Plantemateriale skal samlast i god avstand frå tun, turstiar og utsiktspunkt.

Det skal i størst mogleg grad brukast utstyr som slår graset ein gong og ikkje kuttar det opp i små bitar. Det vil seie helst ljà eller slåmaskin. Ved ev. bruk av kantklippar med tråd, gjer vi merksam på at ein skal prøve å unngå at graset blir kutta opp i små bitar, då det kan medføra uheldig tilføring av næring i enga. Ikkje godkjend verktøy er grasklippar.

Etter at graset er slått skal det rakast vekk og leggjast i nedkant av lokaliteten, ev. godt til sides, slik at det ikkje gjødsler enga ved nedbør.

## **Rydding:**

Rydding av skog og kratt skal gjerast med godkjent utstyr, og utførarar skal ha godkjent kurs og kvalifikasjonar.

Kvist og tre skal fjernast og leggjast slik til at det ikkje er til sjenanse for turgåarar, beitedyr og grunneigar.

## **Styrt beite:**

Styrt beite skal vere innanfor avgrensa område slik det er skildra i lokalitetsskildringane. Oppdragstakar må gjera eventuell avtale om beitedyr til området. Dyra må styrast med inngjerding og gjerde må gåast over.

I Avdalen er det gjerde rundt slåttemarka, i Vetti og i lauvenga ved Flaten – Lauvhaugen

må det setjast opp gjerde etter avklaring med grunneigar. Beitetrykket skal vere tilpassa tradisjonelt/historisk beitetrykk, og skal aldri gå ut over dyrevelferda. Alle dyr på beite skal ha jamleg tilsyn og vere sikra tilstrekkeleg mat og godt vekst gjennom heile sesongen.

## Om kartet i naturbase

I naturbase må følgande kartlag brukas for å få fram alle polygon.

- NATURTYPER, NATURMANGFOLD
  - o Naturtyper på land og i ferskvann (HB13)
    - Naturtyper på land og i ferskvann (HB13), alle

### Naturbase kart

## Skildring av lokalitetar

### Vetti

#### **Haustingsskog Hellerli**

Eit stykke over vegen, rett nord for Hellerlibrui er eit område der 20 grove , gamle almestyvingar er rydda fram og restaurert. Området er ikkje biologisk kartlagt, men eit bilete frå 1940-talet og at plassen ligg på skredmark/ur gir grunn til å tru at det har vore haustingsskog i området tidlegare.

**Oppgåve:** Rydding av kratt og slått av feltsjikt under styvingstre, i randsoner og mot vegen. (Styving / rising er utført som eige oppdrag på etterjulsvinteren i regi av SNO.)

Klippe skot på stamma på styvingstre, og vurdere beskytting og reparere nett mot hjorteskade etter behov.



*Hellerli hausten 2018. Foto: Utladalen Naturhus - Johannes Skahjem*



*Flyfoto over Hellerlii frå 2018, frå Kilden.no*

## Lauveng Hyljefossen



*Bildet er teke like etter skjøtsel i 2025. Foto: Besøksenter Utladalen.*

**Oppgåve:** Krattrydding og slått av feltsjikt.

Klippe skot på stamma på styvingstre, og vurdere og reparere nett mot hjorteskade etter behov.

### Hagemark Lauvhaugen-Flaten

**Oppgåve:**

Rydding av kratt og busker og tynning av tresjikt.


Det må setjast opp gjerde for styrt beite med hest.

**Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsplan og praktisk erfaring)**

Ryddinga skal fremje at tre og treklynger på 2-3 tre står fritt utan å kome i berøring, og at tre-krunene er sett så høgt at det kjem godt med lys til feltsjiktet.

Området må ikkje gjødslast.

Beiting med eit par hestar.



Hagemark Lauvhaugen-Flaten, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).

### Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)

#### Slåttemark i Vetti

##### Oppgåve:

Slått av natureng, krattrydding kvart år.

Ev. kombinert med beiting med sau/hest.

Gjerding for styrt beiting.

Fjerne framande artar, førekomstar av prakttoppklokke (plukke ved blomstring før frøsetting).

##### Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsplan og praktisk erfaring)

Slåttemarka i Vetti skal slåast på tradisjonell måte etter blomstring kvar sommar i juli – august.

Ljåslått, eventuelt trådljå/kantklippar, er einaste slåttemetode pga. steinete og bratte parti.

Slåmaskin og høyvendar kan nyttast i nedre (sørleg) del av enga.


Tidleg vårbeite og/eller haustbeite med om lag 8-20 vaksne sauer / eit par hestar.

Det er aktuelt å regulere beitetida i samsvar med tilgangen på beitedyr.

Beiting i kombinasjon med slått:

- Det er viktig at beitinga ikkje varer for lenge utover våren, for å sikre tilvekst i slåtteenga i samsvar med lokal tradisjon, dvs. ikkje etter om lag månadsskiftet mai - juni.
- Areala som skal slåast må gjerdast inn for å hindre sommarbeiting.
- Det skal ikkje forast med tilleggsfor inne på slåttemarka. (Bele et. al. 2017), men kraftfor kan gjevast ved behov.

Prakttoppklokke er ein framand art. Framande artar skal pakkast inn og leverast som restavfall på gjenvinningsstasjonen (brennast) eller som spesialavfall.



Slåttemark i Vetti, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).

**Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)**

## Avdalen

### Slåttemarka i Avdalen

#### Oppgåve:

Slått og/eller beite i områda rundt tunet.

Det er viktig å ta ned oppslag av nitrofile artar før frøsetting jamleg gjennom sesongen.

Slått av slåttemarka etter blomstring minst ein gong årleg i august.

Ta ned oppslag av nitrofile artar i slåtteenga jamleg gjennom veksts sesongen.


## Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsesplan og praktisk erfaring)

På stader med mykje gjødselprega vegetasjon skal det slåast to gonger årleg.

Bele et. al. 2017 gjev konkrete råd mot problemartar som tyrihjelme og tistlar i kulturmark (sjå vedlegg).

Beiting med 8 - 20 vaksne sauer i kombinasjon med slått:

- Beitetida kan regulerast i samsvar med tilgangen på beitedyr.
- Det er likevel viktig at beitinga ikkje varer for lenge utover forsommaren, for å sikre tilvekst i slåtteeenga.
- Areal som skal slåast må gjerdast inn for å hindre sommarbeiting.
- Haustbeiting
- Det skal ikkje forast med tilleggspor inne på slåttemarka. (Bele et. al. 2017), men kraftfôr kan gjevast ved behov.
- Behov for gjerdning mot elva må vurderast.



Slåtteeenga i Avdalen, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).

Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)

## Lauveng i Avdalen

### Oppgåve:

Slått av teigar og mellom styvingstrea ein gong i august.

Uråd å koma til med anna reiskap enn (tråd)ljå/kantklippar og stutturv.

Rydding og restaurering av randsone. (Styving / rising er utført som eige oppdrag på

etterjulsvinteren i regi av SNO.)


Klippe skot på stamma på styvingstre, og vurdere og reparere nett mot hjorteskade etter behov.

Rydding langs stølsvegen frå Folkevegen til Avdalen.

**Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsplan og praktisk erfaring):**

Rydding mot randsoner for å motverke attgroing og at arealet minkar.

Lokaliteten må ikkje gjødslast.



Lauveng i Avdalen, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).

**Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)**

**Haustingsskog i nedre Avdalen**

**Oppgåve:**

Halde felt- og busksjikt ope under trea ved rydding, slått og beite. (Styving / rising er utført som eige oppdrag på etterjulsvinteren i regi av SNO.)

Slått av teigar og mellom styvingstrea ein gong årleg i august.

**Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsplan og praktisk erfaring)**

Uråd å koma til med anna reiskap enn (tråd)ljå og stutturv.


Rydding av busker, særleg gråor, for å unngå at tre og busker i nærleiken skuggar for styvingstre eller feltsjikt.

Vurdere og ev. ringbarke tre av gråor.

Beiting med 10-15 vaksne sauer.

Vurdere behov for gjerding.

Klippe skot på stamma på styvingstre, og vurdere og reparere nett mot hjorteskade etter behov.



*Haustingsskog i nedre Avdalen, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).*

**Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet:** [Naturbase faktaark](#)

### **Haugavegen – gjennom gamal haustingsskog i Øvre Avdalen**

Haugavegen er ein gamal hesteveg som går frå tunet på Avdalen oppover og austover mot Haugaløa, Haugalømyri og Fureholten. Vegen går gjennom den gamle haustingsskogen som er avgrensa med raud strek i bildet nedanfor.

**Oppgåve:** Rydding av kratt og småskog, og slått langs vegen to gonger årleg i midten av /slutten av juni og i august.

Kontroll og eventuell vask av skilta som høyrer til naturstien to gonger årleg.




Haugavegen teikna inn med gul strek, og haustingskogen langs Haugavegen er avgrensa med raud strek.

## Ekrene

**Oppgåve:** Rydding av enga og åkrane på Ekrene.

Rydde tre som skuggar for enga og åkrane på nedsida av vegen.

Store, gamle tre og gamle styvingstre skal ikkje ryddast.



Enga og åkrane på Ekrene ligg i lokaliteten avgrensa som haustingsskog i øvre Avdalen, ved Haugavegen, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).

## Haugalømyri

**Oppgåve:**

Restaurere lokaliteten som slåttemyr over tid.

Rydde kratt og busker i 2026.

( Skjøtsel ved slått kvart 2.-3. år etter at kratt og busker er rydda. Vurdere om slått er aktuelt frå 2027.)

### Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsesplan og praktisk erfaring)


Ved rydding av kratt og busker, ta stubbane heilt ned, slik at dei ikkje hindrar slåtttereiskapen.

Rydding må gjerast i første halvdel av juli for å få minst mogleg opplag.

Ikkje rive opp røter slik at myrjorda blir rota opp.

Randsonene ryddast slik at myrslåtten ikkje vert skugga ned eller minskar i areal.

Gamle styvingar av bjørk (og ev. selje) i randsonene fristillast og lyt få stå.



Slåttemyr, Haugalømyri, nordvestleg retning frå Fureholten, kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).

### Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)

#### Kvile

#### Oppgåve:

Slått av heile arealet innanfor steingjerdet og det opne arealet nedanfor steingjerdet mot

stien ein gong årleg i august.  
Slå langs stien fram til steingarden.  
Tre og kratt rundt enga tynnast årleg.

### **Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsesplan og praktisk erfaring)**

Enga kan slåast med ryddesag.  
Enga skal ikkje gjødslast.  
For at det skal vere lett å slå er det ein fordel å få bort dødgraset ved å svi av marka om våren dersom det kan utførast med tilstrekkeleg omsyn til branntryggleik.  
Rydde oppskot av tre/busker langs steingarden.  
Trea utanfor slåtteeenga bør stammast opp så overgangen til skogen opnar seg i randsona.



*Slåttemarka på Kvile (Syne), kartutsnitt frå Naturbase kart (Miljødirektoratet).*

**Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet:** [Naturbase faktaark](#)

## Skori

### **Slåttemark**

Slåttemarka på Skåri er delt i tre; ein teig vest for vegen, ein teig aust for vegen ved Naturhuset (Haugane) med open mark rundt Naturhuset og ein teig nord for dette (Fremre Hagen).

### **Oppgåve:**

Årleg rydding av busker og kratt, særleg mellom Haugane og Fremre Hagen, og langs utkantane mot elva. Større tre skal stå.

Slått av engene ein gong årleg i august. Slått av grasrike område langs veggen og i randsonene.

Beite med sau.

### **Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsesplan og praktisk erfaring)**

Det kan nyttast slåmaskin ved slått av engene.

Kantar langs gjerde og i Skårahagen kan slåast med ryddesag.

Bekjempe nitrofile attgroingsartar som bringebær, geitrams, stornesle og tyrihjelms.

Bele et. al. 2017 gjev konkrete råd mot problemartar som tyrihjelms og tistlar i kulturmark (sjå vedlegg).

Slåtteeengene skal ikkje gjødslast.

Restaurere den vestre teigen i slåttemarka der det er mange naturengartar:

- Tynne tre- og busksjikt
- Årleg slått av feltsjikt

Vår- og haustbeite med 10-15 vaksne sauer i Haugane og Fremre hagen.

- Det er viktig at beitinga ikkje varer for lenge utover våren, for å sikre tilvekst i slåtteeenga, dvs. ikkje lenger enn til månadsskiftet mai/juni.
- Det skal ikkje forast med tilleggsfor inne på slåttemarka. (Bele et. al. 2017), men kraftfôr kan gjevast ved behov.

**Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)**

## Hjelledalen

### **Heimre Hjelledalen**

#### **Oppgåve:**


Årleg slått av enga etter blomstring i august.

### **Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsesplan og praktisk erfaring)**

På stader med mykje nitrofile attgroingsartar som bringebær, geitrams og tyrihjelms bør ein slå to gonger årleg, på forsommaren og i august etter blomstring.

Rydding av tre og busker i randsona for lysopning.

Stamme opp tre i randsona for lysopning.



Detaljar med nærare avgrensing av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)

## Vormeli


### Oppgåve:

Årleg slått av enga etter blomstring i august.

Rydding av skog og kratt.

### Krav til skjøtsel og omsyn (basert på skjøtelsesplan og praktisk erfaring)

Rydding av tre og busker i randsona for lysopning og for å hindre at skogen veks inn i slåtteeenga.



Detaljar med nærare avgrensning av lokalitet: [Naturbase faktaark](#)

## Vedlegg

### **Metodar for fjerning av problemartar, henta frå Bele et. al. 2017.**

Tilråding til generell del for mal til skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap. NIBIO Rapport Vol 3 nr. 79 2017. Bolette Bele, Pål Thorvaldsen, Synnøve Nordal Grenne og Knut Fagerås. Divisjon for matproduksjon og samfunn/Kulturlandskap og biomangfold. Norsk Institutt for Kulturminneforskning, NIKU.

### **4.3 Metodar for fjerning av artar som ikkje er ønska**

#### **4.3.1.2 Tistlar**

Tistlane (myrtistel, vegtistel, åkertistel) er to-årige artar som spirar frå frø og utviklar ein bladrosett ved bakkenivå det fyrste året. Andre året utviklar dei blomsterstenglar og set frø. Kvar plante kan produsere mellom 3000-7000 frø. Å hindre plantane i frøsetjing er difor svært viktig. Men tistlane er likevel vanskelege å kontrollere fordi dei gjerne har ein lang blømingssesong, ein stabil frøbank og dessutan evne til å spire heile sesongen. Åkertistel spreier seg dessutan via eit svært kraftig horisontalt rotsystem som ligg på 15-50 cm djupne. Den er mest kjenslevar for tiltak når dei overjordiske skota har 8-10 blad (større enn 5 cm) eller ved byrjande knopp-stadium (når fyrste knopp kjem til syne) (Jordbruksverket 2004).

Dersom frøstenglar av tistlane må fjernast bør dei brennast etterpå. Det har vist seg at det er mest effektivt å sette i gang tiltak mot dei når dei er på rosett-stadiet (i august/september eller om våren). Fjerning av bladrosettane ved å kutte (hakke) dei nokre cm under jordoverflata medfører at dei tørkar ut og døyr. Ein må likevel rekne med å måtte gjere tiltak kvart år eller jamleg for å redusere førekomstane. Sjå nærare om egna utstyr til hakking av tistlar:

<https://vest.nlr.no/media/ring/1044/Faktaark%20Myrtistel%20Vegtistel%20og%20Krusetistel%20ØKO.pdf>

Råd mot tistlar i kulturmark:

- ✓ Gjere tiltak vår eller haust (rosettar)
- ✓ Kutte/hakke bladrosettane under bakkenivå
- ✓ Brenne eventuelle blomsterstenglar
- ✓ Gjennomføre tiltaka over fleire år
- ✓ Bruke hakke som reiskap

..

#### **4.3.1.4 Tyrihjelm**

Invasjon av tyrihjelm har fyrst og fremst vorte eit problem i område der drifta har stoppa opp eller der det er einsidig beiting med sau. Dette ser ein no mange stader i fjellet, der store bestandar av tyrihjelm har vorte dominerande.

I og med at tyrihjelm har eit svært grunt rot-system, vil den raskt bli øydelagt av storfetråkk. Ved å innføre storfebeiting igjen vil førekomstane av tyrihjelm gå tilbake. Alternativet er å slå plantane ved å bruke ryddesag, og fjerne plantematerialet etterpå.

Råd mot tyrihjelm i kulturmark:

- ✓ Beite med storfe om mogleg
- ✓ Kutte plantene med ryddesag før frøsetting
- ✓ Fjern plantematerialet, brenn det dersom det inkluderer frøstenglar
- ✓ Gjenta tiltaka over fleire år
- ✓ Bruke ryddesag som reiskap

#### **4.3.1.5 Bregnar, brennesle, lyng**

Storbregnar som einstape og skogburkne kan vere vanskelege å bli kvitt med vanlege skjøtselsmetodar. Det same gjeld større bestand av brennesle (stornesle). Desse artane bør difor slåast fleire gongar i sesongen. Fyrste slått bør gjennomførast tidleg på sommaren, like etter at blada har vokse ut. Slåtten bør gjentakast midt på sommaren og mot slutten av vekstsesongen når plantane utviklar nye blad. Dette må gjentakast over fleire sesongar så lenge det er naudsynt. Også i tidlegare grasareal som no vert invadert av blåbærlyng kan det vere aktuelt å setje inn spesielle tiltak, som til dømes slått. Auka beitetrykk og spesielt sauebeite vil òg kunne bidra til å halde blåbærlyngen tilbake.

Råd mot storbregnar/brennesle:

- ✓ Fyrste slått tidleg på sommaren
- ✓ Fjern plantematerialet
- ✓ Gjenta slåtten fleire gonger utover sesongen
- ✓ Gjenta tiltaka over fleire år
- ✓ Bruk ljå eller ryddesag som reiskap

Tilsvarende metode kan nyttast på bringebær, stornesle og geitrams.